

ÅRSRAPPORT ABM-MEDIA 2025

Om verksemda

ABM-media AS blei etablert 8. 11. 2006 og er eigd av OsloMet - storbyuniversitetet (45 % av aksjane), Norges museumsforbund (45 %) og Arkivforbundet (10 %). ABM-media AS har kontor i Akersgata 43, samlokalisert med Norges museumsforbund og Norsk Bibliotekforening. Det vart i stor grad nytta heimekontor, både for redaktørane for tidsskrifta og dagleg leiar.

ABM-media AS har som føremål å gje ut frie og uavhengige tidsskrift for arkiv-, bibliotek- og museumsfelt. Publikasjonane skal bidra til å synleggjera ABM-sektorane i norsk samfunnsliv og i den offentlege debatten, og skal ha vekt på kunnskaps- og forskingsformidling. Selskapet har i 2025 utgitt tidsskrifta Bok & bibliotek, Museum og Aksess, som papirutgåver og også med heimesider for kvar av tidsskrifta. ABM-media har i tillegg eigne nettsider.

Bok & bibliotek

Bok & bibliotek publiserer meir enn nokon gong og satsar på både nyhendeportal på nett, podkast og nyhendebrev – utan å redusera utgjeving på papir.

I 2025 blei det laga fire papirutgåver, alle på 80 sider. Opplaget er på 3300. Det har ikkje vore vesentlege endringar i abonnentstrukturen.

I 2025 var hadde tre av fire papirutgåver innhald som var produsert i samarbeid med det svenske Biblioteksbladet. Saman sendte vi reportasjeteam til Ukraina og bibliotekverdiskongressen i Kasakhstan. Takk vera eit godt frilansnettverk trykte vi også stoff frå Nederland, Tyskland, Spania, Argentina, Italia, Sverige, Danmark, USA, Mexico, Indonesia og Australia.

Av redaksjonelle satsingar i papirutgåva kan vi nemna artikkelserien Bok 2.0 om framtida for den fysiske boka, fleire intervju og reportasjar om leseopplæring og «lesekriseproblematikk», eit tema om sosial uro i bibliotek, stoff om bibliotekdrift i krig og krisetid, og saker om skulebiblioteka sine rammevilkår.

Ordsiftet har teke seg veldig opp. I 2025 resulterte det dømesvis i ein grundige og mykje lesne debattar om korleis biblioteka burde nærma seg folkemordet på Gaza og om sensurproblematikk knytt til den grafiske oppvekstromanen *Gender Queer*.

Det blei publisert 167 saker på bokogbibliotek.no, mot 109 i 2024 og 76 i 2023. Langt dei fleste var originalsaker som berre kom på nett. Nettrafikken gjorde eit byks frå og med tredje kvartal 2025 og har halde seg oppe etterpå. Talet på sidevisingar på nett i 2025 var 114 000, mot 72 991 i 2024.

Det kom ni nye episodar av podkasten Bok & bibliotek (2024=10). Den mest lytta til var avgangsintervjuet med Aslak Sira Myhre.

Det blei sendt ut 26 nyheitsbrev. Denne kanalen seglar opp som ein stadig viktigare formidlingskanal. Mange av dei som les nyheitsbrevet, er ikkje abonnentar.

Alle relevante parameter går i pluss: nettbesøk, annonseinntekter, publisering i alle kanalar, og tips og innsendte lesarbidrag til redaksjonen. Dette er eit resultat av målretta nettverksbygging, bruk av KI (sjølv sagt med trygg redaksjonell kontroll og forvaltning av opphavsrett), betre tekniske løysingar for nettside og nyhende-brev, utvikling av den redaksjonelle kompetansen, m.m. Resultata er også i tråd med strategien for perioden, som har hatt auke i nettaktivitet og ordskifte som dei to viktigaste måla.

Arne Olav Hageberg har vore fast tilsett redaktør gjennom heile perioden.

Det blir også publisert lenke til alle saker på Facebook. Dette er ein svært viktig kanal for å nå ut til folk. Bok & bibliotek har no over 3600 følgjarar på Facebook og noko over 1000 på Instagram. Om lag ein tredel av trafikken til nettsida kjem derfrå.

Edda Trykk har stått for trykken. Annonse-sal blir godt teke vare på av Edda Presse. Annonseinntektene stig både på papir og nett, med 8% auke i 2025.

Redaktøren har halde fram arbeidet med kompetanseheving og å utvida nettverk og kjennskap både i biblioteksektoren og medie- og tidsskriftbransjen. I 2025 blei det deltaking på bibliotekdagar i regi av Fylkesbiblioteket i Akershus, Buskerud og Østfold, Bibliofilkonferansen i Steinkjer, Fagpressen sin PUFF-konferanse, Tidsskriftdagen i Oslo, Nasjonalbiblioteket sin Biblioteklederkonferanse på Gardermoen, to kurs i regi av Fagpressen – eit om språk og skrivning og eit om journalistisk bruk av KI-verktøy – fagbibliotekkonferansen VIRAK i Drammen og Kulturytring same stad, den internasjonale bibliotekføderasjonen IFLA sin verdskongress i Astana, Kasakhstan, Nordisk barnebokkonferanse på Lillestrøm, Lillestrøm Kulturkonferanse, ein tur innom Arendalsuka, og Nordisk-Baltisk tidsskriftkonferanse i Göteborg.

Redaksjonsrådet har i 2024 bestått av Åse Kristine Tveit (OsloMet), Johanne Raade (UiT), Per Eide (Bergen Offentlige bibliotek), Mari Vannes (Norsk bibliotekforening), Maria Pile Svaasand (Litteraturbåten Epos) og Tonje Øverland (VGS-bibliotekar i Trondheim). Dei har hatt eitt fysisk møte i Oslo og tre digitale.

Museum

Museum er på fleire måtar eit lite blad – med eitt fast årsverk, eit stramt budsjett og eit opplag på rundt 2200 eksemplar. I 2025 synest me likevel at me i ganske stor grad klarte å ta den plassen i offentlegheita og setja det preget på samfunnsdebatten som ein kan venta av eit fagblad for eit såpass viktig samfunnsområde som museumssektoren trass alt er.

For eksempel: Med utgangspunkt i ei sak i Klassekampen der redaktøren sa frå om kor vanskeleg det var å få eit skikkeleg intervju med øvste leiaren ved Nasjonalmuseet, starta ein større debatt om toppleiarar og kommunikasjonsarbeidarar si rolle i det offentlege ordskiftet. I den såkalla «teppestriden», også den ved Nasjonalmuseet, bidrog Museum substansielt, mellom anna gjennom å publisera e-postavsløringar (saman med Kunstkritikk) og gjennom fleire intervju med redaktøren i Klassekampen og Morgenbladet.

Vidare bidreg tidsskriftet til meir og betre utstillingskritikk – noko me meiner det er ein skrikande mangel på i dei norske redaktørstyrte media. I 2025 publiserte me 26 grundige meldingar av ulike museumsutstillingar frå heile Noreg. Me noterer også med glede at me har lukkast i å løfta fleire viktige debattar, for eksempel spørsmålet om korleis ein forhold seg til internasjonal museumskonferanse i Dubai, KI på museum, Riksantikvaren si avfreding av ein del av Fetsund lenser og praktisering av armlengdsprinsippet.

Museum arbeider med å ha jamn og god digital publisering, men er aller mest oppteke av papirmagasinet. Me ønskjer å feira kvar utgjeving med spennande faglege arrangement med brei appell. I år har me mellom anna arrangert ein godt besøkt kulturdebatt på Kulturytring i Drammen, med kulturministeren og andre sentrale politikarar i panelet, hatt lanseringsfest hos Guttormsgaard arkiv og bokbad med Lars Mørch Finborud om den nyaste romanen hans, museumssatiren *Tårnet. Fyrtårnet*. I tillegg deltok redaktøren på Arendalsuka, i ein samtale om kor viktig gode fagblad på ABM-feltet er.

Museum hadde i 2025 fire papirutgåver. Nr. 1, 2 og 3 var alle på 76 sider, medan nr. 4 («julenummeret») var på 84 sider. Me publiserte 83 saker på nett, der 54 berre er tilgjengelege digitalt. Ellen Lange har vore fast tilsett redaktør, og Laila Mjøs har vore designar for papirblada.

Redaksjonsrådet til Museum har i 2025 bestått av André Larsen Avelin (Eidsvoll 1814/Norsk Folkemuseum), Eli Hausken (Universitetsmuseet i Bergen), Marianne Olsen (Perspektivet museum, Tromsø) og Nina Høye (Drammens museum), samt Hanna Mellemsether (Stiklestad Nasjonale Kultursenter/Musea Arven) og Tone Cecilie Karlgård, Historisk museum/Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo fram til september. I desember fekk rådet eit nytt medlem: Daria Polishchuk (Alta museum). Redaksjonsrådet har hatt fire digitale møte, samt ein del kontakt på e-post og eitt fysisk møte i Bergen 9.–11. september.

Aksess

Aksess er eit uavhengig, redaktørstyrt tidsskrift for arkiv- og dokumentasjonsforvaltning. Tidsskriftet har som mål å vera ein samlande arena for eit fragmentert fagfelt, og å bidra til fagleg refleksjon, kritisk offentlegheit og utvikling innan arkivsektoren.

I 2025 har Aksess hatt høg redaksjonell aktivitet innanfor dei økonomiske rammene som var tilgjengelege. For å tilpassa aktiviteten til tilgjengelege midlar vart redaktørstillinga redusert frå 70 til 50 prosent, og publiseringsplanen justert ved at dei to første planlagde utgåvene vart slått saman til ei dobbeltutgåve. Desse prioriteringane gjorde det mogleg å oppretthalda redaksjonell kvalitet, uavhengigheit og kontinuitet i produksjonen.

I løpet av året vart det publisert om lag 65 saker direkte på nettsida, der 45 av desse var betalt journalistikk. Publiseringa har omfatta mellom anna ny arkivlov og forskrifter, arkivpolitiske prosessar, beredskap, innsyn og demokrati, faglege møteplassar og internasjonale arkivspørsmål. Aksess har vore den einaste uavhengige publikasjonen som har følgd arbeidet med ny arkivlov og tilhøyrande forskrifter tett. Lovverket trer i kraft frå januar 2026 og set viktige rammer for dokumentasjon, innsyn og rettstryggleik.

I tillegg til den løpande digitale publiseringa vart det i 2025 gjeve ut to trykte utgåver i eit opplag på 2 500 eksemplar: ei dobbeltutgåve våren 2025 med tema beredskap og ei ordinær haustutgåve med tema mangfald i arkiva. Alle saker frå dei trykte utgåvene vart også publiserte digitalt, delvis bak betalingsløysing.

Aksess har i 2025 nytta nyheitsbrev og sosiale medium som Facebook, Instagram og LinkedIn til formidling av innhald. Nettsatsinga har bidrege til kontinuitet, aktualitet og auka tilgjengelegheit gjennom året.

Frå 2026 overtek Arkivforbundet utgjevarrolla for Aksess. Tidsskriftet vert vidareført som eit uavhengig, redaktørstyrt medium med same formål og redaksjonelle profil.

Organisasjon

ABM-media AS hadde ved utgangen av 2024 to fast heiltidstilsette. Redaktøren for Aksess vart frikjøpt i 70% stilling frå annan arbeidsgjevar. Drift av forlagsverksemda vart handtert av tilsett på Oslo-Met gjennom avtalt honorar. Knut Markhus var tilsett i 30% som dagleg leiar i eit engasjement som varte til 31. juni 2024. Etter dette fungerte Markhus som dagleg leiar i eit mindre omfang, som ei kjøpt teneste.

Styret og styret sitt arbeid

Styret har i 2025 hatt 5 styremøte og behandla 28 saker.

Fram til ordinær generalforsamling 3. juni 2025, hadde styret følgjande medlemer:

Leiar: Svein Skarheim

Nestleiar: Sigrun Espe

Styremedlem: Nina Granlund Sæther

Styremedlem: Nils Pharo

Styremedlem: Knut Kjosås

Varamedlem: Espen Frøysland

På generalforsamlinga tok alle attval.

Arbeidsmiljø og det ytre arbeidsmiljø

Det har ikkje vore sjukefråvær relatert til arbeidsforhold. Det har ikkje oppstått skadar eller arbeidsulukker i 2025.

Selskapet har pensjonsforsikring for dei tilsette, som tilfredsstiller krav om lov om obligatorisk tenestepensjon.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

Likestilling

Ved utgangen av 2025 var det ei kvinne og ein mann tilsett i ABM-media AS, og ei kvinne i regulært arbeid gjennom innkjøp/honorar. De to faste redaktørane har lik løn. Frikjøpt redaktør har løn tilsvarende stillinga ho er frikjøpt frå.

Rekneskap og resultatdisponering

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av framleis drift.

Regnskapet for 2025 gjeld for perioden 1. januar 2025 til 31. desember 2025.

ABM-media AS har eit positivt rekneskapsresultat for 2025 på kr 173 306 som vert føreslått overført fri eigenkapital.

Selskapet si verksemd medfører ikkje nokon finansiell risiko. Selskapet driv heller ikkje forskning eller utviklingsverksemd (FoU). For rekneskapstal vert det vist til Resultatregnskap med noter.

Rekneskapen for 2025 er ført av MPRG regnskapsbyrå.

Selskapet sine framtidsutsikter

Bok & bibliotek får tilskot over statsbudsjettet frå Kultur- og likestillingsdepartementet, via Nasjonalbiblioteket. I tillegg kjem eit årleg tilskot frå Norsk Bibliotekforening.

Museum mottar tilskot frå Norges museumsforbund (NMF) som betaling for at bladet vert sendt til medlemsinstitusjonane. I tillegg har bladet i mange år fått støtte frå Kulturrådet, sidan 2019 via ordninga Tidsskrift og kritikk. Det er gitt signal om at støtta vert vidareført. Me kjem også til å halda fram med å søka støtte til kritikk og anna hos Fritt Ord, som jamt har gjeve tilskot både til Museum og Akse-ss.

Akse-ss vart ved årsskiftet 2025-26 overført til Norsk arkivforbund, mens det blir jobba for at Museum vert overført til Norges museumsforbund og Bok & bibliotek til Norsk Bibliotekforening – slik at ABM-media AS kan leggest ned i løpet av 2026.

Knut Markhus

Grimstad, 13. april 2026